



Omvikdalen skule – blir det overføring til Uskedalen? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Overføring av Omvikdalen skule til Uskedalen og av Bringedalsbygda skule til Undarheim. Grenda har "all mogleg grunn til å tru" at dette er to av forslaga som skulestrukturutvalet kjem til å leggja fram 23. mai.

Utvalsmedlemmene gjer det riktignok klart at innstillinga ikkje er skriven enno. Men Skarveland skule til Valen og Ølve skule til Hatlestrand er to andre forslag som avisa trur kjem. Redaktør Håvard Sætrevik har ingen grunn til å tru at innstillinga som er rett rundt hjørnet vert endra sær på.

Han meiner det ikkje er rett å halda det offentlege og dei som vert råka utanfor prosessen som leiar fram til innstillinga. Slik arbeidet har foregått så langt har det vore i løynd og kor vidt det er lovleg, er heller ikkje heilt sikkert, held redaktøren fram. Han oppmodar om at møta blir opna frå no av.

- Dagens rykteflaum er berre eigna til å så tvil og redsle i bygdene samt undergrava respekten for dei demokratiske prosessane, skriv han.

Han reiser fleire spørsmål, mellom andre kor mange småbarnsforeldre som vil busetja seg i det planlagte, nye byggjefeltet i Omvikdalen 500 meter frå skulen når den er borte.

Av Ola Matti Mathisen